



SAKSHANDSAMAR  
Geirr Olav Gram / Kaare Stang  
VÅR REF. 09/00534-41  
ARK. B - Bygninger  
309 (Nedstry) Stryn - SF

INNALSTELEFON  
22 94 04 00  
DYKKAR DATO  
VÅR DATO  
01.06.2012

TELEFAKS  
+47 22 94 04 04  
postmottak@ra.no  
[www.riksantikvaren.no](http://www.riksantikvaren.no)

Henny Staalnacke  
Setrevegen 7  
6783 STRYN

Stryn kommune  
Tonningsgata 4  
6783 STRYN

K O P I

**Vedtak om freding, Lov om kulturminner av 9. juni 1978 § 15 første ledd og § 19 første ledd - Lensmannsgården Tingvoll, Setrevegen 7 gnr/bnr 57/63 og delar av Bruvollflata, gnr/bnr 57/222, Stryn kommune**

Vi viser til tidlegare korrespondanse i saka, seinest vårt framlegg om freding dagsett 5. mars 2012, og brev frå Stryn kommune, dagsett 14. mai 2012.

Med heimel i Lov om kulturminner av 9. juni 1978 nr 50 (kml) § 15 og § 19 gjer Riksantikvaren dette vedtak om freding:

**VEDTAK**

*Hovudbygning på Tingvoll, gnr/bnr 57/63 Stryn, vert freda med heimel i kml § 15 første ledd.  
Sidebygning på Tingvoll, gnr/bnr 57/63 Stryn, vert freda med heimel i kml § 15 første ledd.  
Hagen/ tomta på Tingvoll, gnr/bnr 57/63 Stryn, vert freda med heimel i kml § 19 første ledd.  
Delar av tomta på Bruvollflata gnr 57/222 Stryn, vert freda med heimel i kml § 19 første ledd.*

**Omfang av fredinga**


Fredinga omfattar eksteriøret og interiør på hovudbygningen og eksteriøret på sidebygningen, og inkluderer hovudelement som planløysing, materialbruk og overflatebehandling og detaljar som vindauge, dører, gerikter, listverk, eldstadar og fast inventar.

Fredinga av bygningane etter kml 15, hagen/tomta på gnr/bnr 57/63 og delar av Bruvollflata gnr/bnr 57/222 etter kml § 19 omfattar bygningane og området merka av på kartet på side 2.



Tingvoll mot sør. Foto: Geirr Olav Gram, Riksantikvaren

**Kart – fredingsområde:**



**Føremålet med fredinga**

Føremålet med fredinga er å bevare lensmannsgarden Tingvoll med sin karakteristiske hovudbygning og sidebygning og nyttehagen rundt, som eit kulturhistorisk og arkitekturhistorisk viktig døme på ein bygning frå norsk rettshistorie, og eit døme på vestlandsk byggeskikk i brytinga med jugend og klassisisme i mellomkrigsåra.

Fredinga av eksteriøret skal sikre bygningenes arkitektur. Både hovudstrukturen i det arkitektoniske utsynet og detaljeringa så som fasadeløysing, opphavlege / eldre vindauge og dører, materialbruk og overflater, skal haldast ved lag. Formålet er også å bevare rominndeling, bygningsdelar og overflater i deler av interiøret som er kulturhistorisk interessant.

Føremålet med fredinga av området kring bygningane er å sikre verknaden av desse i miljøet gjennom å føre vidare karakteren til eigedomen slik det står fram i dag. Fredinga skal sikre enkeltbygningane og den innbyrdes samanhengen mellom bygningane, samt kulturhistoriske verdiar knytte til hus og nyttehagen som heilskap.

Føremålet med fredinga av området på delar av Bruvollflata (gnr/bnr 57/222) er å sikra eit større landskapsrom med siktlinjer til omgjevnadene, slik at verknaden av lensmannsgarden Tingvoll i miljøet blir ivaretakne ut i frå situasjon i dag, og at det er frie siktlinjer mot lensmannsgarden med hage, sett frå vegen Rognehaugen.

#### **Fredingsføresegner**

Fredingsføresegna er utforma i samsvar med formålet med fredinga og gjeld i tillegg til kulturminnelova sine føresegna om vedtaksfreda kulturminne frå nyare tid.

#### Føresegner for hovedbygning og sidebygning freda etter kml § 15 første ledd:

1. Det er ikkje tillate å rive, skade eller flytte bygningen(ane) eller deler av den(dei).
2. Det er ikkje tillate å byggje om eksteriør eller interiør til hovedbygningen. Det er heller ikkje tillate å byggje om eksteriør på sidebygninga eller gjere innvendige endringer som verkar inn på denne bygningas eksteriør. (Unntatt frå dette er eventuelle tilbakeføringer, jf. punkt 5.)
3. Det er ikkje tillate å skifte ut bygningselement eller materiale, forandre overflater eller utføre anna arbeid ut over vanleg vedlikehald på eksteriør, interiør eller konstruksjonar på bygningen(ane) (Unntatt frå dette er eventuelle tilbakeføringer, jf. punkt 5.)
4. Alt vedlikehald og all istandsetjing skal skje med materiale og metodar som er i tråd med bygningen sin eigenart og på ein måte som ikkje reduserer dei arkitektoniske og kulturhistoriske verdiane.
5. Tilbakeføringer til opphavleg eller tidlegare utsjånad og/eller konstruksjonar kan gis løyve til i særlege tilfelle under føresetnad av at tiltaket kan gjerast på eit sikkert, dokumentert grunnlag og etter dispensasjon frå kulturminnestyresmaktene.

#### Føresegner for området freda etter kml § 19 første ledd:

6. Innanfor det freda området etter kml § 19 må det ikkje verte sett i verk tiltak eller bruksendringar som kan forandre området sin karakter eller på annan måte motverke formålet med fredinga. Dette gjeld alle former for busetnad, anlegg og utviding av veg eller parkeringsplass, oppsetjing av gjerde, skilt, endring av planting eller belegg, plantering, utfylling og andre landskapsinngrep.
7. Fredinga medfører at det må søkjast om løyve/dispensasjon til å setje i gong alle typar tiltak som går ut over vanleg vedlikehald, jf. kulturminnelova § 15a (og § 19 tredje ledd). Søknad om løyve skal sendast Sogn- og fjordane fylkeskommune som avgjer om tiltaket kan settast i verk, eventuelt på visse vilkår.

Oppstår det tvil om kva som vert sett på som vanleg vedlikehald, skal fylkeskommunen likeins verte kontakta på førehand.

### Følgjer av fredinga

#### *Lovheimel*

Når det gjeld handsaming av freda hus område og anlegg, viser ein til kulturminnelova §§ 15a, 16, 17, 18, 19 og 21 og fredingsføresegner nemnt over.

Arbeid som krev løyve etter plan- og bygningslova, må i tillegg leggjast fram for kommunale styresmakter. Ver merksam på at løyve etter kulturminnelova må ligge føre før arbeid i tråd med plan- og bygningslova kan setjast i verk.

#### *Vedlikehald*

Det er eigaren/-e som har ansvaret for det jamne vedlikehaldet av freda bygningar, anlegg og freda område. Det grunnleggjende prinsippet for vedlikehald av freda bygningar er å ta vare på mest mogleg av dei opphavlege eller eldre bygningselementa og detaljane som kledning, vindauge, dører, listverk, gerikter og overflatehandsaming. Vedlikehald av freda bygningar og anlegg skal så langt som råd er, skje i samsvar med opprinnelig utføring, teknikk og materialbruk og elles i samsvar med fredingsføresegnerne.

For meir informasjon om vedlikehald og forvalting av freda bygningar og anlegg, viser vi til informasjonsblada til Riksantikvaren. Sjå særskilt nr. 11.1.1. «Juridiske forhold – Å eie et fredet hus» på [www.riksantikvaren.no](http://www.riksantikvaren.no)

#### *Dispensasjon*

Fredinga medfører at det må søkjast om løyve/dispensasjon til å setje i gang alle typar tiltak som går ut over vanleg vedlikehald, jf. kulturminnelova § 15a (og § 19 tredje ledd). Søknad om løyve skal sendast fylkeskommunen som avgjer om tiltaket kan iverksetjast, evt. på visse vilkår. Oppstår det tvil om kva som blir rekna som vanleg vedlikehald, skal ein ta kontakt med Fylkeskommunen på førehand.

#### *Økonomisk tilskot*

Det er høve til å søke fylkeskommunen om tilskot til vedlikehald og istandsettingsarbeid. Dersom det etter § 15a blir gitt dispensasjon med vilkår som verkar fordyrande på arbeidet, skal det gis heilt eller delvis vederlag for utgiftsauken, jf § 15a andre ledd. Fylkeskommunen kan gi opplysningar om frist for innsending av og krav til søknad.

#### *Forholdet til Naturmangfaldslova*

Det er ikkje registrerte forekomster i Artsdatabanken av sjeldne vekster/blomer/dyr på eigedomen Tingvoll og dei merka delane av Bruvollflata. Naturbasen syner at freda areal (kart side 2 i framlegg om freding) ikkje har treff for nokre kartlag med registrerte forekomster av naturverdiar.

I tråd med krava i naturmangfaldlova (nmfl), har Riksantikvaren vurdert eventuelle konsekvenser av dette vedtaket om freding for eigedommen, jamfør nmfl § 7, § 8 og § 9. Direktoratet kan ikkje sjå at fredingsvedtaket - som inneber videreføring av dagens situasjon i landskapsbiletet - gjev nye konsekvenser for arts mangfaldet på eigedomane.

## Kort karakteristikk av kulturminnet

Tingvoll har vore bustadhus i Stryn sidan byggeåret 1932 og lensmannsgard i perioden 1932-1960. Bygningane og eigedomen fortel historie som er knytta til utviklinga av den norske rettsstaten. Etter tradisjonen har Tingvoll røter attende til jarnalderen som tingplass.

Arkitektonisk er Tingvoll frå 1932 eit døme på vestlandsk byggeskikk i brytninga med stilretningar fra omkring 1900 og i mellomkrigsåra. Hovedhuset har innslag av jugend og klassisisme i utforminga av dører og vindauge, medan den asymmetriske planløysinga og plasseringa av vindauga syner nasjonalromantiske straumdrag. For nærmare skildring av kulturminnet syner vi til vedlagt dokumentasjon.

## Riksantikvaren si vurdering - eigedomen som heilskap

Tingvoll med sin karakteristiske hovudbygning er eit vesentleg kulturminne i Stryn. Sidan anlegget sto ferdig i 1932, har Stryn sentrum vore i stor endring og utvikling, og den autentiske bygninga på Tingvoll er eit sentralt historieforteljande element. Riksantikvaren vurderer at Tingvoll har nasjonal verdi og er fredingsverdig.

Det heilskaplege bygningsmiljøet har kunnskapsverdi, miljøverdi, aldersverdi, historisk verdi, estetisk verdi, pedagogisk verdi og bruksverdi. Det særmerkte arkitektoniske uttrykket til hovudhuset prega av vestlandsk byggeskikk med innslag frå andre stilretningar som jugend, klassisisme og nasjonalromantikk, er ein bygningstype som det ikkje er bevart mange av i Noreg. Som lensmannsgard markerer Tingvoll overgangen frå det gamle lensmannsvesenet og til ein moderne politietat.

Tingvoll er frå det 20. hundreåret og var den siste i ei rekke av lensmannsgardar i Stryn. I likskap med andre lensmannsgardar var den både bustad og kontor med arrest (celle). Denne kombinasjonen av privat og offentleg bruk er karakteristisk og speglar lensmannsinstitusjonens posisjon i lokalsamfunnet og i Noreg. Lensmannen var i regelen bonde på 1800-tallet og hadde i tillegg funksjonen som politi og offentleg tenestemann. Innhusa på gardane til lensmannen og leide lokal tente som lensmannskontor med arrest (celle).

Den første lensmannen på Tingvoll var Kolbein Årnes som budde på garden Årnes i Oppstryn. Dette var den opphavelige lensmannsgarden og i alt tre bønder av slekta Årnes var lensmenn i Stryn i perioden 1909-1985. Tingvoll blei bygd i 1932 og dette syner ei utvikling fram i mot urbanisering, omlegginga frå kommunalt til eit statleg politi og profesjonalisering av politietaten.

Tingvoll er eit *formålsbygd* hus for lensmannen med ein privat og offentleg del i same bygning. Dette føregrip utviklinga i etterkrigstida der politi- og lensmannsetaten fikk eigne bygg. Hagen som omkransar Tingvoll ga og lensmannen høve til hagebruk som kunne bidra til husholdninga i tillegg til gardsdrifta.

Tingvoll er eit døme på endringar i byggeskikk og politivesen som gjekk føre seg over heile Noreg i mellomkrigsåra. Dei arkitektoniske og kulturhistoriske verdiane i anlegget som heilskap, gjer at Tingvoll har nasjonal verdi.

På denne bakgrunn meiner Riksantikvaren at det er avgjerande at bygningane på eigedomen Tingvoll vert halde intakt på sin opphavelige plass og vert sikra gjennom ein freding. Anleggets arkitektur og stadens lange rettshistorie er knytta til tingplassen, eigedomen og lensmannsgarden frå 1932.

## **Myndet til Riksantikvaren**

Det følgjer av kulturminnelova § 15 jf. § 22 at departementet kan frede byggverk og anlegg eller delar av dei av kulturhistorisk eller arkitektonisk verdi. (Det følgjer vidare av § 19 at departementet kan frede eit område rundt eit freda kulturminne så langt det er naudsynt for å bevare verknaden av kulturminnet i miljøet eller for å beskytte vitskaplege interesser som knyter seg til det.) Mynde til å gjere vedtak om freding er delegert frå Miljøverndepartementet til Riksantikvaren jf. forskrift om fagleg ansvarsfordeling mv etter kulturminnelova av 9. februar 1979 § 12 nr.1.

## **Eigarforhold og lokalisering**

Lensmannsgarden Tingvoll (gnr 57/63) er i privat eige. Eigar er Henny Staalnacke som bur fast på staden. Tingvoll ligg på ei flate vest for sentrum i tettstaden Stryn. Eigedomen er omgjeven av Tonning barneskule, Strynehallen og bygg for næringsverksemd og kommunal administrasjon. Tingvoll ligg godt synleg i eit ope grøntdrag mellom dei offentlege bygningane og hovedvegen Rognehaugen på sørsida.

Bruvollflata (gnr/bnr 57/222) er i kommunalt eige. Eigar er Stryn kommune. Bruvollflata ligg framfor Tingvoll mot vegen Rognehaugen som er ei viktig trafikkåre i Stryn sentrum. Den åpne plassen med grasplen på Bruvollflata skaper ei fin ramme framfor Tingvoll, og representerer ei viktig arrondering framfor lensmannsgarden i Setrevegen 7. Med dette øpe landskapsrommet, vert Tingvoll godt synleg og eit viktig fondmotiv, sett frå vegen Rognehaugen i sentrum Vest / Tonning-området.

Riksantikvaren har difor teke med delar av dette arealet på Bruvollflata i fredinga etter kml § 19. På denne måten vert det sikra eit større landskapsrom med siktlinjer til omgjevnadene. Direktoratet meiner at det er avgjerande at ein med dette sikrer at verknaden av Tingvoll i miljøet blir teke vare på ut i frå dagens situasjon.

## **Reguleringsstatus**

Reguleringsplan for området er «Stryn Sentrum Vest», og vart vedteke av Stryn kommune 14. mai 2001. I planen er Tingvoll/Lensmannsgarden, gnr/bnr 57/63 avmerka med gul/brun skravur som "bustad til allmennytig føremål (tidsavgrensa)".

Fredinga av bygningane og eigedomen Tingvoll (gnr 57/63) er i strid med gjeldande reguleringsplan. Riksantikvaren har i særskilte tilfelle høve til å gjere vedtak i strid med eldre reguleringsplan. Dette prinsipp er avklart i lovforarbeidet Ot.prp. nr 51, 1987-88, side 35 flg. I tråd med særlovsprinsippet (lex specialis), har vedtak i slike saker med heimel i kulturminnelova rang føre vedtak med heimel i plan- og bygningslova.

Når det gjeld områdefreding av delar av Bruvollflata etter kml § 19 første ledd, er det ikkje motstrid mellom planføremål og freding som gjev same konsekvens for bruk av området, ettersom eigedomen per i dag er regulert til friområde.

## **Varsel om oppstart og synfaring, jamfør kml § 22 nr 1**

Varsel om oppstart av fredingssaka vart sendt til grunneigar Henny Staalnacke og Stryn kommune i Riksantikvarens brev av 5. mai 2011. Varselen vart annonsert den 20. mai 2011 i regionalavisa Firda og i lokalavisa Fjordingen.

Riksantikvaren var på synfaring den 6. september 2011. På synfaringa deltok Henny Staalnackes son, Simen Staalnacke og fullmektig for Henny Staalnacke, Edvard Faleide. Dei

viste Riksantikvarens representanter hovudhuset og sidehuset utvendig og innvendig, samt eideomen sitt hageareal.

### Møte med Stryn kommune, jamfør kml § 22 nr 1

Same dag som synfaringa, 6. september 2011 hadde Riksantikvaren møte med Stryn kommune ved Rådmannen, Kulturavdelinga og Planavdelinga i kommunen om saka.

Under møtet presenterte Stryn kommune sitt syn, og la fram ulike omsyn sett frå kommunens si side. Kommunen la fram ulike scenario for utvekling og vidare utbygging av Tonning barne- og ungdomsskule, Strynehallen, og Kulturhuset med symjehall.

Riksantikvaren presenterte kva eit framlegg om freding ville innebere i omfang og konsekvensar. I møtet vart kommunen som grunneigar varsla av direktoratet om at Riksantikvaren ville utvide fredingsområdet til òg å gjelde delar av Bruvollflata (67/222) som Stryn kommune eig.

Riksantikvaren uttrykte i møtet at direktoratet ville motsette seg riving av lensmannsgarden Tingvoll ettersom bygningane og eideomen har nasjonal verdi. Direktoratet gjorde det klart at ein ikkje kunne akseptere utviding av Strynehallen mot aust ettersom dette ville gripe inn på Tingvolls eideom i Setrevegen 7 (gnr/bnr 67/53).

### Offentleg ettersyn - Merknader til framlegg om freding

Utvida framlegg om freding (inkludert delar av Bruvollflata) har vore lagt ut til offentleg ettersyn i seks veker etter at framlegget vart fremma 5. mars 2012. Offentleg ettersyn av saka vart gjord kjent i Norsk Lysingsblad, regionalavisa Firda 7. mars 2012 og i lokalavisa Fjordingen same dato.

Medan saken låg ute til offentleg ettersyn kom det inn tre merknader:

- *Fortidsminneforeninga*

Fortidsminneforeninga sin representant i Stryn, Edvard Faleide, har i epost av 12.03.12 gitt historiske opplysningar om lensmann Kolbein Årnes og lensmenn i Stryn.

- *Statens vegvesen Region Vest*

Statens vegvesen Region Vest har i brev av 23.02.12 uttalt at dei har ingen merknader i saka.

- *Stryn kommune*

- Stryn kommune har i e-post av 20.04.12 sendt utskrift av møtebok om vedtak fatta av ordføraren. Stryn kommune har merknader i saka som grunneigar av gnr/bnr 57/222 (Bruvollflata). Merknadene er innarbeida i Stryn kommunestyre si fråsegn av 9. mai 2012, og vert difor kommentert nedanfor under bolken som omhandler kommunestyret sitt syn på saka.

### Fråsegn fra Stryn kommunestyre – kml § 22 nr 3

Stryn kommune har i si fråsegn gjort slik uttale:

«Det aktuelle fredingsområdet ligg sentralt i Stryn sentrum, og det vil difor vere mange interesser som knyter seg til området. Stryn kommune har gjennom reguleringsplanen frå 2001 markert eit tydeleg politisk ynske om ei anna arealdisponering enn det Riksantikvaren no legg opp til. Det føreligg såleis i utgangspunktet ein konflikt mellom Riksantikvaren sitt syn og

kommunens syn i saka. Det faktum at fredingsområdet no vert utvida til å omfatte det kommunale arealet mellom Tingvoll og Rognehaugen, aukar interesseomsetnadene. Stryn sentrum har avgrensa med areal til vidareutbygging/utvikling. Framtidig arealknappheit kan innebere at naturleg sentrumsaktivitet blir skyvd lenger ut frå sentrum med dei uheldige skadeverknader dette kan ha. Det vil ofte oppstå synskollisjonar mellom bruk og vern. Frå kommunens side har desse faktorane vore vurderte opp mot kvarandre, og ut frå eit breidt lokalpolitisk ynskje har konklusjonen vore at området bør brukast til andre føremål. Dette er eit syn som har vore og er omforeint med fylkeskommunen sitt syn. Lokale og regionale omsyn er såleis i samsvar i denne saka. Det tykkjест såleis noko merkeleg at Riksantikvaren – med utgangspunkt i nasjonale omsyn – trer inn på arenaen på ein måte som ekskluderer drøfting og dialog på førehand».

Rådmannen sitt framlegg til vedtak var slik:

*«For eigedomen Tingvoll er fredingsframlegget i strid med gjeldande reguleringsplan (2001) og gjeldande kommunedelplan for Stryn sentrum (2006). Stryn kommune er usamd i Riksantikvaren sitt opplegg for freding. Dette gjeld både for eigedomen Tingvoll og den delen av gnr 57bnr 222 som vert berørt av fredingsvedtaket.»*

Ved handsaming i Formannskapet 9. mai 2012, vart det fatta slikt vedtak:

*«Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.»*

Ved handsaming i Stryn kommunestyre same dag, 9. mai 2012 var det fatta endeleg vedtak om fråsegn: *«Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.»*

#### Riksantikvarens merknader

Denne saka vedkjem fleire motstridande omsyn som ein må freiste å ta i vare. På den eine sida har ein omsynet til å skape gode oppvekstvilkår for born og unge, og trong til å utvide Strynehallen, i retning mot Kulturhuset kor symjehallen ligg. Idrett og lagsarbeid er eit viktig lokalt samfunnsområde ettersom mange born og unge i Stryn er engasjert i slike aktivitetar. Det er også opplyst at det i framtida er trong til å utvide Tonning barne- og ungdomsskule som ligg i nærleiken av lensmannsgarden Tingvoll. På denne bakgrunn har Riksantikvaren forståing for visse delar av Stryn kommune sitt syn i saka. Direktoratet har også forsøkt å komme enkelte av desse omsyna i møte (sjå drøfting lenger fram).

På den andre sida er det heilt klårt at det i denne saka ligg føre umistelege kulturminneverdiar som ville stå i fare for å gå tapt dersom dei 11 år gamle planane i tråd med reguleringsplanen fra 2001 hadde vorte realisert. Som vi har gjort greie for tidlegare i saka og i dette brev (jamfør side 5), er desse nasjonale kulturminneverdiiane av høg verdi.

I Stryn sentrum har det vore sidan 1960-talet vore stor omdanning av sentrum, og det er få autentiske kulturminne intakt, og det er ingen andre bygningar som er freda i nærleiken i sentrum. Lensmannsgarden Tingvoll er derimot heilt intakt med stor grad av autentisitet i heilskap og detaljar. Tingvoll har ikke berre gode kvalitetar ut ifrå slike vurderingar, men også høg verneverdi utifrå ei rekke andre ulike kriterier som det vert vist til i dette brev.

Riksantikvaren legg også vekt på at grunneigar Hennny Staalnacke er særstak positiv til fredinga, og at framlegget er i tråd med tilråding frå Fortidsminneforeninga i Sogn og fjordane.

Når det gjeld fylkeskommunen sine vurderingar, er desse delvis avvikende frå Riksantikvaren sitt standpunkt. Vi har halde fylkeskommunen løpende orientert om saksutveklinga, og våre

vurderingar undervegs. Som overordna direktorat har Riksantikvaren ein plikt til å følge med på kva som skjer i kommunane, og om naudsynt gripe inn dersom viktige nasjonale kulturminneomsyn er truga. Etter vår vurdering, ligg det føre ein slik situasjon i denne saka.

Fråsegna frå Stryn kommune er i tråd med dei synspunkter som vart presentert på vårt fellesmøte med kommunen hausten 2011. Riksantikvaren har fleire gonger oppmoda Stryn kommune om sjølv å sikre lensmannsgarden Tingvoll gjennom reguleringsplan, samt oppmoda til at kommunen skulle sikre ei varig god og open arrondering rundt eigedommen.

Tidleg i 2011 varsla Riksantikvaren i eit brev til Stryn kommune om dei høge kulturminneverdiar ved Tingvoll (brev, dagsett 10.01.2011). Som oppfølging av dette, vart det seinare halde møte med Stryn kommune den 6. september 2011. I dette møtet uttrykte direktoratets representanter at ein ville motsette seg riving av lensmannsgarden Tingvoll ettersom bygningane og eigedomen har nasjonal kulturminneverdi og desse er fredingsverdige. Direktoratet gjorde det klart at ein ikkje kunne akseptere utviding av Strynehallen mot aust ettersom dette ville gripe inn på Tingvolls eigedom i Setrevegen 7 (gnr/bnr 67/53).

#### Nærare om reguleringsplanen

Direktoratet har òg lagt til grunn at Stryn kommune ikkje under noko høve ville kunne realisere den gamle reguleringsplanen som vart stadfesta for 11 år sidan (reguleringsvedtak 14. mai 2001). For å oppnå kommunens sitt mål om utviding av Strynehallen mot aust, ville kommunen vere avhengig av å kunne oreigne lensmannsgarden Tingvoll. Grunneigar Henny Staalnacke har i forkant gjeve uttrykk for at ho går i mot oreigning av sin eigedom Tingvoll. Ettersom 10-års fristen etter plan- og bygningslova (tbl) § 16-2 fyrste ledd for oreigning er utløpt per 13. mai 2011, kan Stryn kommune difor ikkje under nokre høve gå til sak om oreigning av Tingvoll ut i frå gjeldande reguleringsplan. Ei utviding av Strynehallen ville soleis ha krevd oppstart av ein ny regulerungssak.

Sjølv om ei freding av lensmannsgarden Tingvoll, er i strid med gjeldande reguleringsplan, har fredingsvedtaket for lensmannsgarden Tingvoll soleis ikkje store konsekvensar ut i frå dagens regulereringssituasjon. I alle høve vurderer Riksantikvaren denne saka slik at lensmannsgarden Tingvoll må takast vare på, og at dei fredingsverdige bygningane ut ifrå historisk situasjon må haldast intakte på staden der kor dei ligg i dag - på Tingvoll med den opphavelege nyttelagen ved bygningane.

Riksantikvaren har i særskilte tilfelle høve til å gjøre vedtak i strid med føremål i eldre reguleringsplan. Ein legg til grunn at dette gjeld for urealiserte planar som er over 10 år gamle. Prinsippet vart avklart i lovforarbeidet Ot.prp. nr 51, 1987-88, side 35 flg. I tråd med særlovsprinsippet (lex specialis), har vedtak i slike saker med heimel i kulturminnelova rang føre vedtak med heimel i plan- og bygningslova. I denne saka er reguleringsplanen 11 år gammal, og utbyggingsføremålet er ikkje realisert for den delen av reguleringsarealet kor Tingvoll ligg. Direktoratet vurderer at dei signala som eintydig har kome frå Stryn kommune gjer situasjonen slik at det er sterkt trond til å frede eigedomen. Berre slik kan ein sikre at tilhøva på og rundt den verdifulle eigedomen vil halde fram.

#### Nærare om freding av delar av Bruvollflata, og avgrensinga av freding

Ved vår avgrensing av områdefredinga har Riksantikvaren til ein viss grad teke omsyn til Stryn kommune sine behov, slik dei heile vegen klart har kome til uttrykk frå kommunen si side. Vi har difor gjort områdefredinga så liten som mogleg. Ideelt sett burde ein hatt ei større fri buffersone rundt Lensmannsgarden, særleg på sidane mot aust og vest. Av omsyn til trond til

utviding av symjehallen, har vi i utgangspunktet redusert arealet som inngår i fredinga på Bruvollflata. Stryn kommune har overfor Riksantikvaren gjort greie for at det og ligg føre slike framtidige planer. I bakkant av Lensmannsgarden (retning nord og nordaust) har ein også berre teke med eit knapt areal, av omsyn til Tonning barne- og ungdomsskule og eventuelle utvidingsbehov i framtida.

Når det gjeld områdefreding av delar av Bruvollflata etter kml § 19 første ledd, er det som kjend ikkje motstrid mellom planføremål og freding som gjev same konsekvens for bruk av området, ettersom eigedomen per i dag er regulert til friområde.

Riksantikvaren vil likevel peike på at når delar av Bruvollflata er teke med i områdefredinga, heng dette også saman med opplysningar som vart gjeve av planavdelinga i Stryn kommune i vårt møte med kommunen 6. september 2011. Her presenterte kommunen ei idéskisse om å bygge langs vegen Rognehaugen på framsida av Tingvoll. Realisering av ein slik plan ville totalt ha stengt att det det ope rommet mellom Tingvoll og vegen Rognehaugen. Alle siktlinjer frå lensmannsgarden ned mot hovudvegen ville då forsvinne og det grøne landskapsrommet vil bli redusert i vesentleg grad. Riksantikvaren gjorde i same møtet greie for kvifor direktoratet ikkje kan akseptere ei slik løysing. For å vere tydeleg i denne situasjonen slik at ein ikkje får konflikt i framtida, har Riksantikvaren difor i samband med fredingssaka valgt å ta med dette arealet som bør takast vare på, også i framtida.

I avgrensinga av fredingsarealet på delar av Bruvollflata er det nøyne vurdert kva for delar som ikkje treng å vere med i fredinga, slik at Stryn kommune som nemnd ovanfor skal ha visse moglegheiter for utvikling i delar av nærlieken.

Riksantikvaren har difor i ei viss utstrekning forsøkt å ta omsyn til kommunen sin trong til enkelte andre bruksmåter i nærlieken av lensmannsgarden Tingvoll. Direktoratet har soleis valgt ei *minimumsløysing* for avgrensing av områdefredinga.

## Konklusjon

Direktoratet har vurdert alle omsyn i saka, og vurderer denne saka slik at omsynet til nasjonale kulturminneverdiar må gå føre lokale utbyggingsbehov. Riksantikvaren har so langt råd er søkt å avgrense fredningsarealet for å kome andre omsyn i møte. Direktoratet meiner at eigedomen Tingvoll best sikrast gjennom freding av bygningane og hagen. Opplevelsesverdiar og frie siktlinjer mot eigedomen må også sikrast på ein god måte for ettertida. Då er det viktig med eit fritt og ope landskapsdrag rundt lensmannsgarden. Andre samfunnomsyn må i denne saka i dei fleste høve vike for dette hovudomsyn i saka.

## Klagerett

Dette vedtak er eit enkeltvedtak som kan påklagast av berørte partar, jamfør forvaltingslova § 28 første ledd. Ei eventuell klage skal stilast til Miljøverndepartementet, men sendast til Riksantikvaren.

Ei klage på vedtaket må sendast innan tre veker etter mottak av dette brev, jamfør klagefristen i forvaltingslova § 29 første ledd.

Beste helsing

*Jørn Holme*  
Jørn Holme  
riksantikvar

*Dagfinn Claudius*  
Dagfinn Claudius

Vedlegg: 2

- Dokumentasjon av eigedommen, historisk gjennomgang, fotos m.m.)
- Større kart som synes fredingsvedtaket sitt omfang

Kopi: Miljøverndepartementet - Kulturminneavdelingen, Postboks 8013 Dep, 0030 OSLO  
Sogn- og Fjordane fylkeskommune / Kulturavdelinga, Postboks 173, 6801 FØRDE  
Fortidsminneforeninga, Avd. Sogn- og Fjordane, Postboks 432, 6853 SOGNDAL